

Emnenr. 5 Fylke: Hordaland.
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: Lunda
 Emne: Vassbering. Bygdelaq:
 Oppskr. av: Karsten Lerøy. Gard: Lerøy
 (adresse): Lerøysjøen, om Bergen G.nr. 4 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Det er vanleg her på garden å bera vatn i 2 bøtter på "vassel". Me brukar den typen som har ei utholing for halsen og akslane, i endane av vassellen er det hog med jam eller trekrokar på. Så set ein i bøttene med hendene, og let samstundes noko av bygda kvila på akslane. - Trebøtter eksisterar ennå. Dei vert brukt til barkebøtter, for sikkbøttene toler ikkje garvesyra i borken.
2. Ein kjemur i til vassbering på stang.
3. Ein plar ikkje føra vatn på ski eller kjelke. -
4. Vassbering er vanleg på dei fleste bruk, berre halvparten har vatn innlagt i fjøs og ennå færre i huset. - Alle hjelpes åt med å bera vatn, men kona og tausene lyt ta det største talet med vassberinga.
5. Dei ber vatn framleið.
6. Når brünnane på garden vert tomme, lyt me hoga vatn frå Storavatnet, i barkekjelar og kar. Ein har då gjerne eit flytande lats i vatnet.
7. Ca 50 To har vatn innlagt i fjøs, færre i huset, - men me ventar på kilokot frå stæken!

Flord
Lund

i samarbeid med
KULTURGEOGRAFISK REGISTRERING
PÅ VESTLANDET

NORSK ETNOLOGISK GRANSNING
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY


2444

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret hekk på stonga bak ryggen åt den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampa over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ?

Ukjendt her.



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ? *Nei.*

Har ein bruka kumøkk til brensel ?

„Rijsla“, tørre møk, har sine tider vorte brukt. -

Karsten Lerøy